

# Skulereglar for Tryggheim Strand

## § 1 Føremål

Skulereglane er fastsett med heimel i privatskulelova §5A-7.

Føremålet med skulereglane er å bidra til å skape læring, tryggleik, trivsel, respekt og toleranse. Skulereglane skal fremje god orden og gode arbeidsvanar og slik leggje til rette for eit godt læringsmiljø. Skulereglane fastset rettane til eleven, plikter, orden og åtferd, tiltak ved brot på reglane og sakshandsaming for å setje inn tiltak.

Reglane skal vidare leggje til rette for eit skuledemokrati slik at elevar og føresette får vera med på å planleggje, gjennomføre og vurdere skuleverksemda.

Guds Ord og kristen etikk er grunnlag for norm og for liv og arbeid i skulen. Vi ventar at alle elevane aktivt tek del i å byggje opp eit triveleg og godt miljø ved skulen både ved åtferd, orden i arbeid og sosiale aktivitetar.

## § 2 Verkeområde

Skulereglane gjeld for alle elevar ved skulen i undervisningstida, i fritid på skulen og ved arrangement utanfor skulen under skulen si leiing og ansvar - inkludert leirskule og andre turar utanfor skulen sitt område.

Når det gjeld mobbing eller andre krenkingar, kan grensene mellom skule og fritid bli utviska. Sjølv om krenking og mobbing skjer utanfor skuleområdet og utanom skuletida, vil skulereglane kome bruk i tilfelle der det er tilknytting til skulen og skulemiljøet. Dette gjeld mellom anna i situasjonar der elevar krenkar kvarandre utanom skuletid og der dette fører til at dei ikkje har det trygt og godt på skulen.

### **§ 3 Rettar og plikter for elevane**

I alle saker som vert handama etter skulereglane, skal omsynet til eleven sitt beste vere eit grunnleggjande utgangspunkt. Skulen skal òg ivareta eleven sin rett til å bli høyrtd i trygge omgjevnader.

Eleven har rett på opplæring, hjelp og rettleiing i samsvar med dei føresegnene som til ei kvar tid gjeld for skuleslaget.

Eleven pliktar å rette seg etter avgjersler i lov og forskrifter samt skulen sine reglar og instruksar.

Eleven har rett til eit trygt og godt skulemiljø som fremmar helse, inkludering, trivsel og læring. Dette fører til at eleven og, i samarbeid med skulen, plikt til å vera med å skape eit trygt og godt skulemiljø som fremmar helse, inkludering, trivsel og læring.

Føresette er pliktige til å betale skulepengar.

Eleven har rett til skriftleg grunngjeving av tiltak som han/ho har klagerett på og skal opplysast om klagerett og klagefristar i vedtak der det er aktuelt.

### **§ 4 Vurdering av orden og åtferd**

Det er skulereglane som er grunnlaget for vurdering av elevane sin orden og åtferd. Føremålet med vurdering av orden og åtferd er å fremje sosial læring, medverke til eit trygt og godt skulemiljø og å gje informasjon om kva som er god orden og god åtferd. Elevane skal gjerast kjent med skulereglane og kva som vert lagt vekt på i vurderinga av orden og åtferd.

### **§ 5 Orden**

Elevane skal ha god orden. Det er god orden å

- Møte presis på skulen og til undervisninga (fravær over 20 minutt vert rekna som fråver frå enkelttime)
- Delta aktivt i opplæringa slik at læraren får grunnlag til å vurdere eleven sin kompetanse i faget
- Melde fra om planlagd fråver i god tid (sjå eige permisjonsreglement)
- Gjere greie for umeldt fråver til kontaktlærer innan første skuledag etter fråver
- Ha skulesakene i orden
- Halde skulen sitt område reint og ryddig. Vi brukar innesko inne og utesko ute
- Ha med læremiddel og utstyr som trengst
- Gjere arbeidet sitt så godt ein kan og levere til rett tid

- Bruke hjelm på sykkelturnar og flytevest på turar i båt. Dette gjeld alle klassar. Flytevestar skal også brukast på turar ved sjø/vatn når skulen vurderer det nødvendig.
- Ha med skriftleg melding frå føresette når ein av nødvendige grunnar er ubudd eller ikkje kan ta del i visse aktivitetar. Behov for tilpassingar i lenger periodar i kroppsøving av helsemessige årsaker må dokumenterast med legeattest.
- Halde seg orientert om informasjon som blir gitt på skulesamlingar, i klassen, på heimesida eller på læringsplattforma. Her kan det bli gitt nærare presiseringar om fråversordning, permisjonsreglement, reglar ved turar eller ekskursjonar og evt. andre presiseringar.

## § 6 Åtferd

Elevane skal ha god åtferd. God åtferd er å:

- Vera hyggelege, respektfulle og høflege mot kvarandre
- Seie i frå til ein vaksen dersom nokon blir plaga eller har det vanskeleg.
- Rette seg etter læraren eller ein annan tilsett si avgjersle
- Vere roleg og følgje klassereglane
- Ikkje banne eller bruke anna grovt språk
- Ikkje mobba eller på andre måtar krenkje andre fysisk, psykisk, verbalt eller digitalt
- Ikkje vere valdeleg eller koma med trugsmål
- Vise respekt for det skulen eig og det som høyrer andre til
- Halde seg på skuleområdet og ta del i undervisninga
- Bruke PC, eller liknande , i samsvar med skulen sine reglar for bruk av desse (dei som har leigeavtalar har plikt til å handsame/bruke desse etter dei avtalane som er bestemt )
- Ikkje bruke mobiltelefonar eller anna elektronisk kommunikasjonsutstyr i skuletida. Desse skal være innstilt på lydlaust og skal leggast på bestemt plass i klasserommet. (Unntak etter avtale med faglærar)
- Ikkje ta bilete av andre utan samtykkje, eller publisere bilete utan samtykkje.
- Ikkje ete godteri og drikke brus i skuletida, dersom ikkje anna vert avtalt
- Ikkje ha med eller bruke tobakk, snus, e-sigarettar, energidrikkar, alkohol, narkotiske stoff eller ulovlege rusmiddel og/eller aldersregulerte rusmiddel
- Ikkje vera påverka av ulovlege rusmiddel og/eller aldersregulerte rusmiddel
- Ikkje ha med eller bruke gjenstandar eller våpen som har til hensikt å skape frykt/provokasjon eller skade andre
- Ikkje fuske eller prøve å fuske på prøver eller innleveringar Som fusk vert rekna:
  - å ha med eller bruke hjelpemiddel som ikkje er tillatne
  - å hjelpe eller kommunisere med andre i vurderingssituasjonar
  - å bruke andre sine tekstar heilt eller delvis utan å gje opp kjelde
- Ikkje bruke plagg som heilt eller delvis dekker andletet

## § 7 Tiltak ved brot på skulereglane

Ved alle brot på reglane skal tiltaket i størst mogleg grad stå i høve til regelbrotet og ta omsyn til alderen og føresetnaden til eleven. Tiltak skal vera saklege og lovlege. Tiltaka skal òg vera med på å hjelpe eleven til å forstå behovet for reglar og kva konsekvensar reglebrot har for den enkelte og for omgjevnadane.

Følgande tiltak kan setjast inn ved Tryggheim Strand:

- a. Samtale med elev og/eller føresette
- b. Inndraging av gjenstandar
- c. Utbetring av påførte skader/hærverk
- d. Melding av straffbare høve
- e. Nedsetjing av karakter i orden og/eller åtferd
- f. Bortvising

### Presisering av tiltak

#### a. Samtale med elev og/eller føresette

- Eleven skal rett til å uttale/forklare seg for den som avgjer tiltak. Skulen skal alltid vera merksame på og kartlegge underliggande årsaker slik at dei rette kan setjast inn.
- I alvorlige saker skal skulen alltid ha dialog og samarbeid med føresette for at saken kan opplyst så godt som mogleg. Særleg inngipande tiltak skal ha skriftleg grunngjeving. Det skal alltid gjevast skriftleg varsel om det er fare for nedsett karakter i orden og/eller åtferd.

#### b. Inndraging av gjenstandar

- Gjenstandar som vert brukt på ein måte som forstyrrar arbeidsro og andre elevar sitt utbyte av opplæringa, kan verta inndregne som eit ordensmessig tiltak.
- Lengden på inndraginga vert vurdert ut i frå kor alvorleg og gjentakande brotet på reglane er, og ut i frå omsynet til vidare undervisning, ro og orden. Gjenstandar kan ikkje haldast igjen utover skuledagen med mindre det er ulovlege gjenstandar eller det av omsyn til elevens sitt beste er tenleg at føresette hentar gjenstandane.
- Ulovlege gjenstandar som våpen og ulovlege rusmiddel/narkotiske stoff gjevast over til politiet.
- Tobakk, alkohol eller andre rusmiddel kan takast inn av skulen og vert overlevert til føresette
- Ved bruk av private digitale einingar (mobil e.l.) uten avtale med ansvarlig voksen, kan skulen inndra utstyret.

#### c. Utbetring av påførte skadar/hærverk

- Elevar eller føresette kan vera erstatningsansvarlege for hærverk eller medviten skade på skulen sine eigendelar (jf. skadeserstatningslova).
- Elevar kan påleggast å utbetre påført skade på bygning eller eigendel dersom dette er hensiktsmessig.

#### **d. Melding av straffbare høve**

- Straffbare høve som skjer på skulen sitt område, skal som hovudregel meldast til politiet. Melding skjer alltid i samråd med rektor og føresette skal varslast.
- Skulen eller læraren har ikke heimel til å utføre etterforskningsmessige tiltak, som ransaking, narkotikatesting eller alkoholtesting. Politiet eller andre som har heimer til dette i straffeprosessloven, må ev. kontaktast.

#### **e. Nedsetjing av karakter i orden og/eller åtferd**

- For å setje karakter i orden og åtferd har skulen eit system for merknader, for å halde orden på et heilskapsbilete av eleven og for å kunne gje eleven ei åtvaring i tide til å kunne rette opp i orden/åtferd. Bruk av merknader er ikkje sanksjon, men loggføring av regelbrot.
- Gjentekne brot på ordensreglementet kan føre til nedsett karakter i orden eller åtferd. Normalt sett vil ikkje einskildhendingar vera avgjerande for karakter. Unntaket er ved særleg grove eller klanderverdige enkelthendingar. Elev og føresett vil bli varsla ved fare for nedsett karakter.

#### **f. Bortvising**

- Ein elev kan ikkje visast bort dersom mindre inngripande tiltak er tilstrekkelege. Bortvising skal berre nyttast ved alvorlege eller gjentekne brot på reglane.
- Rektor vedtar bortvising etter å ha rådført seg med tilsette på skulen og innhenta eleven sitt syn på saka.
- Elevar på 1.-7. trinn kan visast bort for ein skuledag. Elevar på ungdomsskulen kan visast bort for inntil tre skuledagar.
- Elevar kan sendast heim frå dagstur, leirskule eller utanlandstur. Det er rektor som avgjer dette.

### **§8 Pålagt skulebyte**

Kommunen kan gjere vedtak om at ein elev skal flyttast til ein annan skule dersom oppførselen til eleven går alvorleg ut over tryggleiken eller læringa til ein eller fleire medelevar, j.fr. privatskolelova §2-4 og opplæringslova §13-2. Ein elev skal ikkje flyttast dersom mindre inngripande tiltak vil kunne avhjelpe situasjonen. I slike tilfelle legg skulestyret fram saka for heimkommunen, og heimkommunen gjer vedtak om dette. Departementet ved Statsforvaltaren er klageinstans i slike høve.

## § 9 Organisering av skuledemokratiet

Elevar og føresette har rett til å vera med på å planlegge, gjennomføre og vurdere verksemda til skulen, mellom anna arbeidet med skulemiljøet, kvalitetsutvikling i opplæringa og fastsetjing av skulereglar. På Tryggheim Strand er dette organisert på følgjande måte:

- Skulen har eit elevråd som er valgt av elevane sjølv. Det skal velgast ein hovud- og ein vararepresentant frå kvart trinn på 5.-10. trinn. Elevrådet skal arbeide for fellesinteressene til elevane på skulen og arbeide for å skape eit godt lærings- og skulemiljø. Rådet skal òg kunne uttale seg i, og kome med forslag i, saker som gjeld elevane. Elevrådet vel ein representant som har møte- og talerett i skulestyret. Dette skal som hovudregel vera hovudrepresentanten frå 10. trinn.
- Skulen har eit foreldreråd der alle som har born på skulen, er medlemmer. Rådet sitt arbeid føregår gjennom eit arbeidsutval (FAU) som har jamnlege møte med rektor. Føresette i kvar klasse vel sine representantar til FAU. FAU vel ein representant som har møte- og talerett i skulestyret.

## § 10 Sakshandsaming

Før tiltak som eleven har klagerett på vert sett i verk, skal skulen vurdere andre og mindre inngripande tiltak.

Tiltak som er enkeltvedtak og som kan klagast på:

- Nedsetjing av standpunktkarakter i orden og/eller åtferd  
Klageinstans: Departementet v/Statsforvaltar – frist 3 veker
- Bortvising for inntil 3 skuledagar frå skulen  
Klageinstans: Departementet v/Statsforvaltar – frist 3 veker
- Pålagt skulebyte  
Klageinstans: Departementet v/Statsforvalter – frist 3 veker

Vedteke i styret 15.09.2024